

Finanskomiteen  
Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Vår ref.: 321-432 PS

Ørsta, 21.11.2018

## **Innspel til Meld. St. 7 (2018–2019) *Om ny sentralbanklov***

Dei 17 nynorskinstitusjonane og -organisasjonane i Nynorsk forum minner om at Noregs Bank, sidan dei førre sentralbanklovane i 1892 og 1985, kommuniserer meir til eit allment publikum og er ein viktigare tekstprodusent enn tidlegare. Den nye sentralbanklova bør spegle dette, og tida er inne for at Noregs bank, som andre statlege institusjonar, blir omfatta av *Lov om målbruk i offentleg teneste*. Vi bed Finanskomiteen ta opp dette spørsmålet i behandlinga av stortingsmeldinga.

Nynorsk forum er glade for at Noregs bank nyttar noko nynorsk på nettsidene og i nokre få trykksaker. Samstundes er det viktig at statsinstitusjonane er med på å halde oppe norsk fagspråk og kommuniserer med publikum på begge dei norske skriftspråka.

Med venleg helsing

  
Per Magnus Finnanger Sandmark  
sekretær, Nynorsk forum

*Kopi av dette brevet er sendt Finansdepartementet, Kulturdepartementet, Språkrådet og hovudstyret og representantskapet i Noregs bank*